

# Unio bør selvransakes

Torsdag ble det klart at også de Unio-streikende i Oslo kastet inn håndkledet. Heller ikke her fikk de streikende ristet en krone mer ut av forhandlingsmotparten.

Alt Unio oppnådde etter 13 dager med streik var noen vennlige forpliktelser i en protokoll og et partssammensatt utvalg som skal følge lønnsutviklingen til disse gruppene.

Det er ikke til å undres over at mange Unio-medlemmer er skuffet. Frustrasjonen retter seg mot streikeledelsen, som flere steder har blitt møtt med buing og trusler om utmeldelser.

Det er lett å føle sympati med arbeidstakergruppene i skolen, barnehagene og helsevesenet. De produserer grunnleggende

velferdstjenester, men føler seg mindre verdsatt enn sine yrkessøstre i privat sektor. Vi har også forståelse for at enkeltgrupper i Unio følte seg overkjørt med et lønnstillegg som godt på vei blir spist opp av inflasjonen.

Likevel var grunnlaget for streiken syltynt. Arbeidsgiveren tilbød en total ramme på 6,3 prosent i kommunal sektor. Unio klarte aldri å overbevise oss om at deres medlemmer i sum kom vesentlig dårligere ut enn andre grupper.

Dessuten måtte ledelsen i Unio vite at Kommunenes Sentralforbund vanskelig kunne legge mer penger i en avtale som allerede var akseptert av tre andre hovedorganisasjoner.

**Unio utviste et dårlig skjønn da de kastet medlemmene ut i en streik de umulig kunne vinne.**

Forhandlingsutvalget og ledelsen i Unio utviste et dårlig skjønn da de kastet medlemmene ut i en streik de umulig kunne vinne. Det er ingen spøk å streike, spør bare elevene som mistet studiepoeng fordi standpunktarakterene ble stående.

Nå er det på tide med selvransakelse i Unio. Dessverre er det lite som så langt tyder på at ledelsen er villig til å gjøre det. Hugo Rode Berntsen, som sitter i sentralstyret i Utdanningsforbundet, mener at Unio-streiken kanskje har vært den mest vellykkete i offentlig sektor noen gang.

Du skal være temmelig «Pravda» i hodet for å mene det. Det beste en kan si om streiken er at den ble avblåst.

**DAGENS GJEST**

# Det moralske landbruket



Å sprøyte enno meir pengar inn i satsinga på økologisk landbruk og tru ein skal få auka produksjonen av den grunn, vil vere jamgodt med å bere før til ein daud hest. Den einaste farbare vegen om ein ønskjer å auke produksjonen av norske økologiske landbruksvarer, er å prøve å forstå bondekollektivets moralske verdiar og freiste å tilpasse verkemidla til det ein finn der.

Norsk landbruk er, som alt anna landbruk i verda, tufta på ideen om å produsere mat og fiber. Fyrst til bonden sjølv og bondens familie, men etter kvart som produktiviteten har auka har kvar bonde greidd å livberge fleire og fleire munnar. Den drivande krafta bak denne prosessen har vore viljen til stadig å verte ein betre bonde, og resultatet har ein kunne telja kvar haust. Det har lege spreitt utover markane som traktoregg og vitna om bondens plassering i grendas dugleikshierarki.

Mi hypotese er at bondekollektivets moralske vektlegging av produktivistiske mål svekkar vilkåra for ei frivillig økologisering av landbruket. Det finst med andre

ord ein moralsk økonomi som definerar kva god agronomi er, og som hindrar ei frivillig omlegging til eit meir økologisk berekraftig landbruk.

At bonden har vore skeptisk og til dels direkte negativ til miljøtiltak i landbruket, er inga ny oppdaging. At den største skepsisen har vore retta mot miljøtiltak som samstundes hemmar eller endå reduserar produktiviteten, er om mogleg meir kjent. Denne skepsisen kan mellom anna lesast ut av det relativt låge talet på bønder som søkjer støtte gjennom Regionalt miljøprogram.

Nye tal frå undersøkinga Trender i Norsk landbruk 2008 ved Norsk senter for Bygdeforskning syner oss at nær 70 prosent av alle norske bønder aldri har søkt om miljøretta virkemidlar, medan ei lita gruppe, cirka 15 prosent, er storforbrukarar av slike virkemidlar.

Samstundes har me dei siste par åra sett at få bønder vil legge om til økologisk landbruk og urovekkande mange økobønder fell frå. Dette skjer i ei tid då me truleg aldri har hatt fleire og større gulrøter for å lokke bøndene til å legge om, og aldri har me vel heller hatt eit tilsvarande sug i marknaden. Men likevel legg altså ikkje bøndene om. Då må det vere lov – ja, ikkje berre lov, men også påtrengande – å spørje seg: Kva er det med bonden som gjer at han ikkje vil drive økologisk?

Det er grunn for å spørje seg kor-

leis nokon enno kan tru at berre me spytta nok pengar inn i miljøpotten, så vil bøndene lystre og til slutt legge om drifta til der midlane finst? For slik ser det då verkeleg ikkje ut til å vere. Bøndene vil produsere mat, og truleg vil dei det i enno større grad no når heile verda, ifylgje media, står på randa til å svelte i hel.

Den som vil fortelje bonden at han lyt gjere noko med måten han i dag produserar maten på, lyt nok til med langt sterkare lut enn del-finansiering av arbeid han likevel ikkje har tid til å utføre. Det som skal til om bonden skal prioritere arbeidet, er fyrst og fremst at det gjev mening i bondens eigen forståing av kva som er eit godt landbruksfagleg handtverk.

Då skal det helst gjere seg utfall i ein tydeleg djup grønfarge på timoteienga og velarronderte attlege med ryddige og ugrasfrie

**Kva er det med bonden som gjer at han ikkje vil drive økologisk?**

kantsoner. Det er desse bøndene som får respekt i grenda og vert lytta til om dei har noko dei skulle ha sagt. Gjennom dugleg agronomisk arbeid og ugrasfrie gulrotårkrar har dei opparbeida seg ein sosial kapital stor nok til sjølv å få kreditt i det sosiale spel.

Den økologiske høymolebonden derimot, ja, han vert gånge å vansmekkast og held liv i seg einast gjennom ein skjør politisk navlestreng som held så lenge SV sit i regjering og dei urbane mat-snobbane tykkjer små lysegule gulrøter framleis er stas.

**Bjørn Egil Flø er forskar ved Norsk senter for bygdeforskning**



**BONDE:** Det er ikkje nok å kaste pengar ut på åkeren for å få bønder til å leggje over til økologisk produksjon, skriv Bjørn Egil Flø. FOTO: COLOURBOX